

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 07.06.2011 kl 14:00 –18.15 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 033/11 - 044/11
Innkalling til møtet var sendt ut den: 01.06.2011.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal, vara	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Kjell Løvik, vara	
Bjørn Egil Nordland	Marianne Ulvatn, vara	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Liv Oda Dale	Karstein Totland	
	Wenke Fredheim Ekren	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Frank Kvinge, vara	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Lise Dyrhovden, vara	Erlend Kvamsdal	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Marit Steinestø, varaordførar		
Siri Tangedal Kratzmeier		

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Spørsmål frå Senterpartiet og svar frå ordførar – sak skriv og melding
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	Etter kommunestyret hadde formannskapet synfaring på Sandnes i høve pågåande arbeid med å få godkjent avkjørsler for planlagt bustadfelt mellom skulen og barnehagen.

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om Willy Borge og Bjørn Egil Nordland til å skriva under møteboka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordførar Håkon Matre orienterte om at sak 44/11 Matpengar i barnehage, som var oppført på saklista til møte i dag, går ut og vil bli handsama i neste formannskapsmøte den 16. juni og i kommunestyret den 28. juni.

Sak om finansrapportering får då sak nr 44/11.

Willy Borge, Frp, sa at han har ei sak han vil ta opp under skriv og meldingar om bustadfeltet på Sandnes mellom barnehagen og skulen.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
033/11	11/354	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
034/11	11/348	1.tertialrapport 2011 - rekneskapsoversyn for perioden 01.01.-30.04.2011	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
035/11	09/245	Klima- og energiplan for Masfjorden kommune - kommunedelplan	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
036/11	11/252	Felles adresseforskrift for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
037/11	10/241	Nordhordland digitalt- endra organisasjonsmodell	32
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
038/11	11/253	Kommunal bustadeigedom 2011- status og tiltak	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
039/11	11/66	Landbrukstenester - samarbeid med Gulen kommune	46
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
040/11	11/233	Tilsetting av rådmann	50
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
041/11	11/256	Skriv og meldingar	54
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
042/11	11/353	Skriv og meldingar	56
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
043/11	11/352	Delegerte vedtak	59
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
044/11	10/354	Finansrapportering 2010 og 1.tertial 2011, samt mindre endringar i finansreglementet	60

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	033/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/354
-----------	---------------------

SAK 033/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 28.04.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-033/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 28.04.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	034/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 11/348
--------------	---------------------

SAK 034/11 - 1.TERTIALRAPPORT 2011 - REKNESKAPSOVERSYN FOR PERIODEN 01.01.-30.04.2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
1.tertialrapport 2011 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser til sak om budsjettrevisjon juni 2011

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Utskrift til:

Driftseiningane (sjølv rapporten)

Revisjonen (sak + rapport)

KS-034/11 VEDTAK:

1.tertialrapport 2011 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser til sak om budsjettrevisjon juni 2011

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om omlegging til nytt økonomisystem og sett i lys av det er det bra at ein har fått ut eit så bra dokument som denne tertialrapporten.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Willy Borge, Frp, etterspurde vegstatusrapport som var lova skulle leggest fram for kommunestyret.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det no ligg føre eit notat frå Teknisk, miljø og landbruk. Det vil koma sak til neste formannskap på dette. Saka vil då koma til kommunestyret den 28. juni.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:**SAKSVEDLEGG:**

1. tertialrapport 2011 – eige hefte

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2011, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.08
3. Årsrekneskapan skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapen (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2011		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdera:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

HØYRING/UTTALE

Den løpande rapporteringa frå driftseiningane går bra, overgang til nytt økonomisystem har danna grunnlag for forenkla rapporteringa frå einingane. Hovudtrekk av tilbakemeldingane frå driftseiningane vert teke med i vurderingsdelen og tekstdelen til driftsrekneskapen i sjølve 1.tertialrapporten.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING

versikt - investering	Rekneskap 30.4.2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 30.4.2010	Opphavleg Budsjett 2010	Rekneskap 2009
INVESTERINGSINNTEKTER						
LN 03 Sal av driftsmidler og fast eiendom	-60 000	0	-1 755 102	-1 755 102	0	-70 000
LN 04 Andre salsinntekter		0			0	0
LN 06 Statlege overføringa		0	-1 830 926		0	-1 106 000
LN 07 Andre overføringa		-4 600 000	-206 293		-1 500 000	-1 880 567
LN 08 Renteinntekter		-500 000	-500 000		0	0
LN 09 Sum inntekter	-60 000	-5 100 000	-4 292 321	-1 755 102	-1 500 000	-3 056 567
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN 11 Lønsutgifter		0			0	0
LN 12 Sosiale utgifter		0			0	0
LN 13 Varer og tenester i kommunal eigenprod.	2 497 459	19 473 000	18 320 429	3 971 075	11 110 000	19 120 960
LN 14 Kjøp av tenester som erstattar eigenprod.		0	111 705	2 827	0	244 094
LN 15 Overføringa	340 058	2 543 000	2 172 488	558 921	1 340 000	3 524 526
LN 16 Renteutgifter og omkostningar		0			0	0
LN 18 Sum utgifter	2 837 517	22 016 000	20 604 622	4 532 823	12 450 000	22 889 580
FINANSUTGIFTER						
LN 20 Avdragsutgifter	176 814	280 000	363 343	86 940	0	273 421
LN 21 Utlån	135 000	500 000	1 425 000	395 000	500 000	514 733
LN 22 Kjøp av aksjar og andelar		250 000	273 128		250 000	251 608
LN 23 dekning av tidl.års udekka		0	1 872 084		0	2 016 801
LN 24 Avsetjing fond		0	1 000 000		0	0
LN 25 Avsetninger til likv.reserve		0			0	0
LN 26 Sum finanstransaksjoner	311 814	1 030 000	4 933 555	481 940	750 000	3 056 563
LN 27 Finanseringsbehov	3 089 331	17 946 000	21 245 856	3 259 661	11 700 000	22 889 576
FINANSIERING						
LN 29 Bruk av lån		-9 500 000	-4 925 000		-4 700 000	-5 844 733
LN 30 Mottekte avdrag på utlån	-58 801	-180 000	-168 905	-35 282	0	-128 904
LN 32 Overføring frå driftsrekneskapen		-3 452 000	-4 662 592		-1 340 000	-5 300 835
LN 33 Bruk av disposisjonsfond		-4 814 000	-5 808 264		-5 660 000	-1 502 776
LN 34 bruk av investeringsfond		0	-2 802 626			-7 049 641
LN 36 bruk av likv.res		0	-282 703		0	0
LN 37 Sum finansiering	-58 801	-17 946 000	-18 650 090	-35 282	-11 700 000	-19 826 889
LN 38 Udekket/udisponert	3 030 530	0	2 595 766	3 224 379	0	3 062 687

Det er ikkje ført finansieringsdelen av investeringsrekneskapen pr. 1.tertial – slik at sum udekka ikkje er reell. Alle investeringar har budsjettdekning gjennom sjølve budsjettvedtaket pr. desember 10 eller i samband med budsjettaldinga – eller enkelt saker. Men eit unntak, er midlar til kalkdoseraranelegg – midlar ein fekk i 2010, og avsett på fond. Tiltak som må inn i budsjettrevisjon.

Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på 7,1 mill.kr., og er bra pr. 1.tertial. det er spesielst finansutgiftene som sler ut i forhold til nivå netto driftsresultat. Under 10% av finansutgiftene pr. 1.tertial, og nær 1 mill.kr. lågare enn i fjor på same tid. Justert for dette har ein om lag same resultat pr. 1.tertial i 2011 som i 2010.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	Rekneskap 30.4.2011	Opphavleg 2011 budsjett	2010 rekneskapen	Rekneskap 30.4.2010	Opphavleg 2010 budsjett	2009 rekneskapen
DRIFTSINTEKTER						
LN03 Brukerbetalinger	-2 497 905	-8 496 500	-9 091 098	-2 486 289	-7 364 000	-8 563 578
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	-3 167 659	-7 286 700	-8 316 388	-2 825 318	-6 410 200	-6 738 641
LN05 Overføringer med krav til motytelser	-3 395 093	-7 763 900	-22 715 500	-6 863 738	-15 203 700	-20 109 429
LN06 Rammetilskudd fra staten	-18 908 355	-50 359 000	-38 473 325	-14 207 412	-39 600 000	-36 083 417
LN07 Andre statlige overføringer		-2 500 000	-1 898 355		-930 000	-4 216 772
LN08 Andre overføringer	-4 054 495	-9 975 900	-9 165 660	-2 201 871	-8 983 000	-12 149 307
LN09 Skatt på inntekt og formue	-20 661 549	-43 700 000	-45 960 651	-20 707 028	-43 600 000	-44 508 433
LN10 Eiendomsskatt	-5 068 442	-19 850 000	-19 698 922	-5 030 268	-19 700 000	-18 820 628
LN11 Andre direkte og indirekte skatter		-2 360 000	-2 607 226		-2 360 000	-2 558 577
LN12 Sum driftsinntekter	-57 753 498	-152 292 000	-157 927 124	-54 321 924	-144 150 900	-153 748 782
DRIFTSUTGIFTER						
LN14 Lønnsutgifter	32 063 211	88 924 700	88 290 092	29 582 377	84 033 600	82 444 518
LN15 Sosiale utgifter	6 430 080	20 618 500	19 346 462	5 380 494	20 819 200	18 605 858
LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester	7 359 513	23 177 050	24 286 071	7 600 041	21 267 700	21 902 684
LN17 Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste	1 412 374	6 280 550	5 312 665	1 470 565	5 421 800	6 268 244
LN18 Overføringer	3 026 473	7 961 100	9 296 784	2 818 452	7 757 500	8 024 241
LN19 Avskrivninger	2 388 926	7 300 800	7 560 829	2 541 316	7 051 100	6 978 233
LN20 Fordelte utgifter		-1 000 000	-900 000		-900 000	-900 000
LN21 Sum driftsutgifter	52 680 576	153 262 700	153 192 902	49 393 245	145 450 900	143 323 778
LN23 Brutto driftsresultat	-5 072 921	970 700	-4 734 222	-4 928 679	1 300 000	-10 425 004
EKSTERNE FINANSTRANSASJONER						
Finansinntekter						
LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-245 730	-2 432 500	-3 217 303	-143 229	-2 264 500	-5 338 015
LN26 Mottatte avdrag på lån	-24 230	-120 000	-227 426	-61 361	-120 000	-159 412
LN27 Sum eksterne finansinntekter	-269 960	-2 552 500	-3 444 729	-204 590	-2 384 500	-5 497 427
Finansutgifter						
LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansutg	193 275	2 301 600	1 788 475	410 213	2 301 600	1 991 538
LN30 Avdragsutgifter	394 825	3 700 000	3 951 378	1 060 428	3 900 000	3 663 992
LN31 Utlån		20 000	20 176	20 176	20 000	320 000
LN32 Sum eksterne finansutgifter	588 099	6 021 600	5 760 029	1 490 817	6 221 600	5 975 530
LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner	318 139	3 469 100	2 315 301	1 286 227	3 837 100	478 103
LN35 Motpost avskrivninger	-2 388 926	-7 300 800	-7 560 829	-2 541 316	-7 051 100	-6 978 233
LN36 Netto driftsresultat	-7 143 708	-2 861 000	-9 979 750	-6 183 767	-1 914 000	-16 925 134
AVSETNINGER						
Bruk av avsetninger						
LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige ov	0		-1 910 148		0	-1 507 900
LN39 Bruk av disposisjonsfond	-186 021	-1 938 000	-2 170 037	-137 940	-1 856 000	-1 979 193
LN40 Bruk av bundne fond	-115 770					-135 000
LN41 Bruk av likviditetsreserve						
LN42 Sum bruk av avsetninger	-301 791	-1 938 000	-4 080 186	-137 940	-1 856 000	-3 622 093
Avsetninger						
LN44 Overført til investeringsregnskapet		2 369 000	4 662 592		1 340 000	5 300 835
LN45 Dekning av tidligere års regnskap		0	0		0	
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	23 776	2 430 000	6 463 736	52 961	2 430 000	12 985 045
LN47 Avsetninger til budne fond					0	351 198
LN48 Avsetninger til likviditetsreserve						
LN49 Sum avsetninger	23 776	4 799 000	11 126 329	52 961	3 770 000	18 637 079
LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot	-7 421 723	0	-2 933 608	-6 268 746	0	-1 910 148

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Ein har mange tiltak og ønskjer som går på å auke driftsnivået og driftskostnadene, og det er gjort ein del tiltak den seinare tid som medfører auka aktivitet, til dels basert på bruk av fondsmidlar og mellombelse tiltak, og ein nemner her;

Psykiatri

Folkehelsekoordinator

Styrarmodell barnehagane

Ressurskrevjande brukar(ar)

Brannordning

Landbruk

Legevakt

Jordmor, dyrare pga. færre kommunane med i samarbeid og kutt i NAV refusjon

Tiltak relatert til avsette fondsmidlar disp.fond drift

Ein del av desse tiltak er allereie innarbeidd i budsjettet og nokre treng meir avklaring før dei kjem inn. Ein må difor ha dette i tankane med omsyn til sluttregneskap 2011, og kor ein legg til grunn ein del lågare driftsresultat i 2011 enn utfallet i 2010.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 1.tertialrapport vert teken til orientering – budsjettrevisjon som eiga sak juni 2011, – men det vil klart vere behov for ytterlegare budsjettendringar utover i 2011, men desse vert tekne seinare, og primært i samband med 2.tertialrapport 2011.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	035/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-46, N-PERM AVTALAR, N-101.5	Arkivsaknr.: 09/245
--------------------------------------	---------------------

SAK 035/11 - KLIMA- OG ENERGIPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE - KOMMUNEDELPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 11-15 vert kommunedelplan – Klima og energiplan for Masfjorden kommunen – vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Heimel

FUP-012/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av pbl § 11-15 vert kommunedelplan – Klima og energiplan for Masfjorden kommunen – vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 12.05.2011:

Oppdatert plandokument og innspel frå Hordaland Fylkeskommune vart delt ut.

Rådmannen orienterte om at innspelet frå fylkeskommune var kome inn etter at saka var ferdig skriven og var difor ikkje innarbeidd i utdelt plan.. Rådmannen bad difor om fullmakt til å innarbeide merknadane frå Fylkeskommunen før saka vart sendt kommunestyret. Planutvalet slutta seg til dette.

Endringane som det er gjort greie for i saksutgreiinga vart gjennomgått.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-035/11 VEDTAK :

I medhald av pbl § 11-15 vert kommunedelplan – Klima og energiplan for Masfjorden kommunen – vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om klima- og energiplanen. Alle kommunar skal ha ein slik plan og det er eit viktig verktøy for oss. Det viktigaste i planen står på side 2 og 3. Det er viktig for oss å få ei tiltaksliste som er meningsfull i høve til våre lokale utfordringar.

Prioriterte tiltak er:

Miljøsertifisering, ladestasjonar for el-bil, miljøstasjon, elektronisk sakspapir, fokusering på utslepp frå landbruket.

Klimatilpassing:

- Rasprosjektet, start våren 2011
- Grip innkjøpsrettelær
- Lokal energiproduksjon

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Frode Langhelle, H, spurde om symjebassenget er bygd som eit energiøkonomiserande prosjekt?

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det er tenkt energiøkonomisering i bygginga av det nye bassenget.

Alt som vert gjort i sjø vert og tilrettelagt for at det same kan gjerast på skulen

Willy Borge, Frp, sa at klimaplanen er eit bra dokument som er tilpassa Masfjorden kommune. No kan me gå i gong å setja tiltak i verk for å spare pengar.

Laila S. Reknes, sa at AP er godt nøgd med at klima- og energiplanen som har vore etterspurd så lenge no er ferdigstilt. AP støttar alle tiltaka i planen.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	09.11.2009	Hordaland fylkeskommune	Masfjorden kommune som Miljøfyrtårnkommune?
2	I	24.11.2009	Naturvernforbundet i Hordaland - Oljefri.no	Invitasjon til samarbeid om klimaprojektet oljefri.no
3	I	17.12.2009	Hordaland fylkeskommune	Høyring av utkast til klimaplan for Hordaland - svarfrist 31.03.10
4	I	11.01.2010	Hordaland fylkeskommune	Invitasjon til høyringsmøte - klimaplan for Hordaland 10. febr i Bergen
5	I	05.02.2010	Bergen kommune	Etablering av regionalt klimanettverk for kommunane i Hordaland
7	I	10.02.2010	ECgroup AS v/Ove Taranger Nesbø	Tilbod på klima- og energiplan for Masfjorden kommune
8	I	22.02.2010	SFE Rådgjeving v/Dag Einar Gule	Tilbod på utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune
9	I	16.04.2010	Norconsult AS	Tilbod på utarbeiding av klima- og energiplan for Masfjorden
10	I	27.04.2010	Masfjorden kommune v/rådmann Lovisa Midtbø	Protokoll for innkjøp mellom 100.000 og 500.000 kroner
11	U	28.04.2010	SFE Rådgjeving v/Dag Einar Gule	Delegert vedtak: Anbud på Klima- og energiplan for Masfjorden kommune
14	I	19.05.2010	SFE Rådgjeving	Energi- og klimaplan for Masfjorden kommune - underskriven
13	I	20.05.2010	Dag Einar Gule	Utkast til projektskisse, Energi- og klimaplan for Masfjorden kommune
15	U	27.05.2010	SFE Rådgjeving v/Dag Einar Gule	Utarbeiding av Energi- og klimaplan for Masfjorden kommune
18	I	25.06.2010	Enova	Tilsagn om tilskudd til Energi- og klimaplan for Masfjorden kommune
19	U	30.06.2010	Enova	Tilsagn om tilskot til Energi- og klimaplan for Masfjorden kommune - underskrive tilskotsbrev i retur
20	I	05.07.2010	Dag Einar Gule	Oppstartsmøte Masfjorden
12	U	06.07.2010	SFE Rådgjeving v/Dag Einar Gule	Melding om politisk vedtak - Klima- og energiplan for Masfjorden kommune
21	I	30.11.2010	KS	Kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge
23	U	11.03.2011	Enova; Barnas representant v/Berit Lygre; BKK nett As; Den Norske Kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd;	Melding om politisk vedtak - kommunedelplan klima- og energiplan for Masfjorden kommune - høyring

			Fiskarlaget Vest; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Bondelag; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Hordaland fylkeskommune	
24	I	15.03.2011	Mattilsynet	Uttale til kommunedelplan klima og energi for Masfjorden kommune
25	I	22.03.2011	Statens vegvesen	Melding om politisk vedtak - Kommuneplan -Klima- og energiplan 2011-2015 - Høyring
26	I	30.03.2011	Fiskeridirektoratet	Uttale til klima- og energiplan for Masfjorden
27	I	15.04.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Fråsegn til kommunedelplan for klima- og energi for Masfjorden kommune
28	I	20.04.2011	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn av kommunedelplan klima- og energi - Masfjorden kommune
30	I	29.04.2011	Hordaland Fylkeskommune	Høyringsfråsegn til klima- og energiplanen for Masfjorden kommune

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Fast utval for plansaker vedtok 15.02.2011 Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune. Planen har etter dette vore på høyring. Det har kome inn fem høyringsuttalar og planen vert no lagt fram til politisk slutthandsaming.

Det har vore etablert ei eiga arbeidsgruppe med følgjande medlemmar:

✓ Lovisa Midtbø	Rådmann, Masfjorden kommune	leiar
✓ Liv Oda Dale	Kommunestyremedlem	medlem
✓ Willy Borge	Kommunestyremedlem	medlem
✓ Anne Kristin Rafoss	Rådgjever, Masfjorden kommune	medlem
✓ Karstein Totland	Fagarbeidar, Masfjorden kommune	medlem

SFE Rådgjeving ved energi- og miljørådgjevar Dag Einar Gule har stått for datainnsamling og utforming av plandokumentet. Prosjektleiar har vore Lovisa Midtbø.

HØYRING/UTTALE

Dei innkomne høyringsuttalane gjev følgjande attendemelding:

NVE: *Ingen merknader*

Mattilsynet: *Ingen merknader*

Fiskeridirektoratet: *Ingen merknader*

Statens vegvesen: *Uttalar seg om planen ut frå sitt samfunnsansvar som gjeld trafikale spørsmål.*

Peikar på at det er mykje pendling i Masfjorden, og stiller spørsmål om det er mogleg å leggja til rette for reduksjon i den daglege bilbruken gjennom etablering av pendlarruter innafor kollektivsystemet. Vidare peikar vegvesenet på verdien av å konsentrera bustadbygging og etablering av servicenæringar i nærleiken av og ved samlokalisering i sentra/tettstader i kommunen. Vegvesenet peikar også på at kommunen i arealdelen bør setja krav om etablering av gang-og sykkelstiar, noko som gagnar både folkehelsa, trafikktryggleik og kan redusera utslepp.

Rådmannen sine kommentarar: Rådmannen er samd i at pendlarruter hadde vore tenleg. Det er diverre mange tilhøve som hindrar etablering av slike ruter. Først og fremsTer det at masfjordingane bur svært spreidd, det er få naturlege utgangspunkt/samlingsstader for avgang for pendlarruter. Dernest pendlar dei til arbeidsplassar som er svært spreidd geografisk. Dei store arbeidsplassane som tar imot utpendlinga frå Masfjorden (Sløvåg, Mongstad mv) opererer også med skiftordningar som gjer at kollektive ruter får liten oppslutnad. Slik situasjonen no er, kan rådmannen ikkje sjå at det vil vera praktisk og økonomisk grunnlag for slike ruter.

Gang og sykkelvegar vert i stor grad lagt inn i kommuneplanen/reguleringsplanar for dei tre sentra vi har, Matre, Sandnes og Hosteland. Men vi treng gang- og sykkelmoglegheiter også mellom bygdene der avstandane er korte, td mellom Haugsvær og Matre og mellom Indre Haugsdalen og Matre. Tunellane er her ei stor utfordring, kommunen har ved fleire høve teke opp behovet for kvitmalte veggjar i dei korte tunellane utan resultat.

Strategien om å fortetta busetnad og service er innarbeidd i Masfjorden kommune sitt arbeid med lokalsamfunnsutvikling, og vert følgt opp i kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen i Hordaland: *Når det gjeld energi, peikar fylkesmannen på at kommunen ikkje har sagt noko om kva tid målet om 10 % reduksjon i energiforbruket skal vera nådd, heller ikkje kva energitype ein tenkjer som energiberar ved vassboren varme. Kommunen har heller ikkje sett opp tiltak for å redusera energibruken i private hus.*

Fylkesmannen støttar målet om å redusera utslepp frå trafikken, men peikar på at overgang til biodrivstoff ikkje gjev dokumentert reduksjon i klimautslepp. Fylkesmannen saknar prosjektet oljefri, å byta ut gamle oljetankar med rein energi.

Fylkesmannen saknar direkte kopling til arealplanlegginga for å redusera behovet for transport, og peikar på behovet for fortetting og samlokalisering av bustadområde og offentlege tenester.

Fylkesmannen fokuserer på utslepp frå landbruket, og peikar på at planen ikkje har eit oppdatert bilete som gjev grunnlag for tiltak overfor utsleppa frå husdyrproduksjonen og låg aktivitet på skogsdrift.

Fylkesmannen meiner at Masfjorden kommune i større grad må gå inn i landbruket sitt potensiale som strategisk partner i miljøarbeidet gjennom rolla som leverandør av biobrensel/lokal energiproduksjon.

Fylkesmannen peikar også på at dersom haldningsskapande arbeid gjennom miljøfyrtårnordninga skal lukkast, er ein avhengig av engasjerte medarbeidarar, midlar på budsjettet og kartlegging av miljøtilstand/utarbeiding av plan. Fylkesmannen tilrår at kommunen tar inn i planen tidsrammer for tiltak og utarbeider statusrapport og kostnadsoverslag for tiltaka i planen årleg før budsjetthandsaminga,

Rådmannen sine kommentarar:

Arbeidsgruppa har funne det vanskeleg å setja eit fast tidspunkt for kva tid målet om 10% reduksjon i energibruken skal vera nådd. Kommunen vil vurdere å setja dette når ein får litt meir erfaring med å arbeida systematisk med energi i eigne bygg. Kommunen ynskjer å nytta fornybar energi, og reknar el. kraft som det naturlege valet for oss. Når det gjeld reduksjon av energibruk i private bygg, ynskjer kommunen å satsa på informasjonsarbeid. Dei høge straumprisane vi har hatt, gjer at det no er stor interesse for kunnskap om å spare straum.

Kommunen vil følgja nasjonale føringar når det gjeld biodrivstoff. Kommunen kjenner ikkje til at vi har mange oljetankar i Masfjorden, men ser gjerne at dei vi har vert bytt ut med rein energi.

Fortetting og samlokalisering ligg inne som målsetting i kommuneplan og arealplan som er under arbeid.

Utslepp frå landbruket bør bli eit tema når kommunen i neste valperiode skal arbeida med landbruksplan. Det er naturleg å ta inn synspunkta frå fylkesmannen om landbruket som strategisk partner i miljøarbeidet i denne planen.

Når det gjeld kommunen si satsing på haldningsskapande arbeid gjennom miljøfyrtårnordninga, så er rådmannen samd i det fylkesmannen uttalar om verdien av engasjerte medarbeidarar. Masfjorden kommune har alt sertifisert ein person i samarbeid med fylkeskommunen for dette arbeidet. Detaljert handlingsplan med budsjett for miljøfyrtårnarbeidet vil bli utarbeidd hausten 2011.

VURDERING

Rådmannen meiner kommunen har fått nyttige og konstruktive attendemeldingar gjennom høyringsrunden. Rådmannen er i stor grad samd med innspela vi har fått. Samlokalisering og fortetting er alt innarbeidd i kommuneplanen.

Rådmannen meiner at kommunen kan innarbeida innspela ved presiseringar i tiltakslista.

KONKLUSJON

Kommunedelplan for energi og klima Masfjorden kommune 2011-2015 vert vedteken med dei endringane som no er arbeidd inn i tiltakslista. Endringane er utheva.

3.5 TILTAKSLISTER

Dette er oversikt over prioriterte tiltak som er definerte i kapittel 3. Dersom ikkje anna er spesifisert gjeld målet innanfor planperioden, medan tiltakslista berre viser prioriterte tiltak for neste år. **Lista over prioriterte tiltak skal rullerast kvart år før budsjetthandsaminga.** Prioriterte tiltak for å nå dette er:

Nr.	Prioriterte tiltak	Ansvarleg	Frist
	<i>Utslepp:</i>		
1	<i>Miljøsertifisering</i> Handlingsplan med budsjett skal utarbeidast til budsjetthandsaminga hausten 2011	<i>Leiarane</i>	<i>Start innan 01.03.2012</i>
2	<i>Ladestasjonar for el-bil</i>	<i>Masfj. næringsforum</i>	
3	<i>Miljøstasjon</i>	<i>Teknisk</i>	
4	<i>Elektronisk sakspapir</i>	<i>Ordførar</i>	<i>Start innan 31.12.2011</i>
5	Arbeidet med landbruksplan for Masfjorden skal fokusera på utslepp frå landbruket og landbruket landbruket som strategisk partner i miljøarbeidet	Rådmannen	Ferdig juni 2012
	<i>Klimatilpassing:</i>		
1	<i>Rasprosjektet</i>	<i>Landbruk</i>	<i>Start våren 2011</i>
2	<i>GRIP</i>	<i>K.kassen</i>	
3			
4			
5			
	<i>Lokal energiproduksjon:</i>		
1	<i>Starte arbeidet med plan for lokal energiproduksjon</i>	<i>Rådmannskontoret</i>	
2			
3			
4			
5			
	<i>Energibruk:</i>		
1	<i>Energi i egne bygg</i>	<i>Teknisk</i>	
2	<i>Veglys</i>	<i>Teknisk</i>	
3	<i>Kompetanseheving i kommunale einingar og informasjon til innbyggjarane om energisparing i private bygg.</i>	<i>Rådmannen</i>	

Nye opplysningar i saka

Sakstilfang:

- Uttale frå Hordaland fylkeskommune som kom inn etter at saka var ferdig skriven til planutvalet

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune sin uttale fokuserer på at hovudintrykket av planutkastet er bra, og at samandraget er kort og kompakt og presenterer dei fire fokusområda i planen med liste over prioriterte tiltak som skal setjast i gang og følgjast opp i planperioden.

Hordaland fylkeskommune påpeikar at kap. 2, Status og utvikling med fordel kunne vore sortert meir tydeleg i høve til dei fire fokusområda slik at samanhengen mellom kap 2 og kap 3 kjem tydeleg fram. Høyringsfråsegna gjev gode innspel på redaksjonelle endringar som medverkar til at kap 2 og 3 blir meir kompatibelt med kap 3.

Til kap. 3 påpeikar fylkeskommunen at det må gå klart fram kva som er hovudmåla i planperioden, og gjer framlegg om endringar som får dette fram.

Innhaldsmessig har fylkeskommunen framlegg til følgjande endringar:

- Kap. 3: For å vurdere måloppnåing i planperioden, bør kommunen fastsetje ein konkret prosentvis reduksjon for energibruk og utslepp i planperioden.
- Vedrørande arealbruk, s. 30, ta inn” ...**kor og** korleis feltet skal byggjast ut”
- Klimatilpassing - Ta inn som tiltak at rullering av kommunen sin kommunedelplan for kulturminne skal gjera ei vurdering av kor utsette dei ulike kulturminna og kulturmiljøa kan vera for klimaendringar.
- Lokal produksjon, s 36, utvida delmålet slik at det blir samsvar mellom delmål og tiltak(sikre natur, fleirbruksverdi, lokalmiljø og næringsverksemd” Kulturminne bør her takast inn i både delmål og tiltak.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen er samd med dei innspela som Hordaland fylkeskommune har gitt, og har innarbeidd deler av framlegga til redaksjonelle endringar i kap 2 og 3. Alle framlegga til innhaldsmessig presisering og endring er tekne inn i planen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.05.2011	037/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	07.06.2011	036/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-587	Arkivsaknr.: 11/252
--------------	---------------------

SAK 036/11 - FELLES ADRESSEFORSKRIFT FOR KOMMUNANE AUSTRHEIM, FEDJE, GULEN, LINDÅS, MASFJORDEN, MELAND, MODALEN OG RADØY

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunal forskrift til § 21 i matrikkellova vert vedteken slik ho ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Matrikkellova

FS-037/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunal forskrift til § 21 i matrikkellova vert vedteken slik ho ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 12.05.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Willy Borge, Frp, spurde om kva som er adresseeiningar på bustadhus og hytter?

Borge spurde og om kven som bestemmer om ein veg er veg eller skogsveg.

Rådgevar Anne Kristin Rafoss svara at det er to typar adresse, matrikkeladresse og gateadresse. Det er Statens kartverk som er originaldatavert og dei legg inn alle data som dei får tilsendt om veg. Det er viktig at kommunen melder inn alle vegar det blir gjeve løyve til.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om kva tid adresseprosjektet skulle avsluttast då ho får ein del spørsmål om dette. Rådmann Lovisa Midtbø svara og sa at det kommuneplanen som no har fått fyrste prioritet. Når den er ferdig må adresseplanen prioriterast og ferdigstillast.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-036/11 VEDTAK:

Kommunal forskrift til § 21 i matrikkellova vert vedteken slik ho ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Willy Borge, Frp, spurde om det var slik at der det var for få bueiningar til å få eige adressenamn kunne det søkjast på nytt dersom det kom fleire bueiningar.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det er rett.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Framlegg til kommunal forskrift til § 21 i matrikkellova

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy vedtok i 2003 å utgjera eit felles adresseområde og vedtok i det høvet felles kommunale retningsliner for tildeling av vegadresser og skilting av adresseeiningane i området. Desse føresegnene er heimla i delingslova og for skiltreglane også i vedtekt til i plan- og bygningslova av 1985. Begge desse lovene er nå erstatta med nye lover som gjeld frå år 2010 (matrikkellova og ny plan- og bygningslov).

Etter lovendringane er alt som gjeld adresser no heimla i matrikkellova og forskriftene til denne. I matrikkelforskrifta (§ 70) står at forskrift gjeve i medhald av delingslova (§ 4-1), fell automatisk vekk ved utgangen av 2012 om ho ikkje er erstatta tidlegare.

Då etableringsfasen av det felles adressesystemet er venta å bli fullført i år, er det naturleg alt no å få på plass dei lokale forskriftene kommunane skal nytta i si forvaltning av adresse-systemet framover. Derfor fremjar dei fagansvarlege i dei 8 kommunane forslag til nye felles kommunale adresseforskrifter til § 21 i matrikkellova.

FAKTA

Nedanfor er laga ein ”forskriftspegel” der gjeldande forskrift står i venstre og framlegg til revidert forskrift i høgre kolonne.

Forskriftspegel

Gjeldande forskrift	Forslag til ny forskrift
<p>§ 1 <i>Plikt og rett til å setja opp skilt</i></p> <p>1. Eigar/festar av eigedom som har fått tildelt offisiell adresse av kommunen, pliktar å kosta, setja opp og halda ved like husnummerskilt og tilvisingsskilt i samsvar med pkt. 15.9 i forskriftene til delingslova. Skilta skal ha form og plassering i samsvar med kommunen si vedtekt til § 105 i plan og bygningslova.</p> <p>2. Kommunen skal setja opp og halda vedlike adressenamnskilt og tilvisingsskilt for adresser med tilkomst frå fellesvegar som ikkje har eigne adressenamn. I tillegg skal kommunen i turvande omfang setja opp og halda ved like kryssorienteringsskilt og andre</p>	<p>§ 1 <i>Felles adresseringsområde</i></p> <p>Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy utgjer eit felles adresseringsområde etter § 58 i adresseforskrifta.</p>

opplysnings- og tilvisingsskilt som skal hjelpe ukjende fram til rett adresse.

3. Adressenamnskilta skal ha form og utføring i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 766. Tilvisingsskilta skal vera i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 768 påført pil og opplysning om kva nummer skiltet viser til, eller skilt 766 påført opplysningar under namnet om kva nummer skiltet viser til. Informasjonstavler, kryssorienteringsskilt og andre opplysnings- og tilvisingsskilt skal normalt ha form og utføring i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 762 og 764.
4. Kommunale adresseskilt skal ha plassering i samsvar med plan som er godkjent av det politiske utvalet som har fått delegert delingslova som del av sitt mynde.

§ 2 Retningslinjer for utforming av adressesystemet og nummerering av adressene

- 1 Utgangspunktet for det samordna adressesystemet for adresseområdet er nordenden av Nordhordlandsbrua.
- 2 Startpunkt for nummertildeling av adresser til veg eller område med eige adressenamn, er normalt der vegen eller tilkomst til område tek av frå overordna veg. Der ein adresseparsell (veg/område) har to eller fleire tilknytingspunkt til overordna veg, skal utgangspunktet for nummereringa til vanleg vera det som ligg nærast utgangspunktet nemnd i nr.1 rekna etter ferdselsåra.
- 3 Sidevegar til ein overordna veg, bør gjevast eige adressenamn dersom sidevegen er:
 - a) kortare enn 200 m og fører til minst 20 adresseeiningar.
 - b) lengre enn 200 m og fører til minst 14 adresseeiningar eller
 - c) lengre enn 500 m og fører til minst 7 adresseeiningar som gjeld fast

§ 2 Retningslinjer for utforming av adressesystemet og nummerering av adressene

- 1 Utgangspunktet for det samordna adressesystemet for adresseområdet er nordenden av Nordhordlandsbrua.
- 2 Startpunkt for nummertildeling av adresser til veg eller område med eige adressenamn, er normalt der vegen eller tilkomst til område tek av frå overordna veg. Der ein adresseparsell (veg/område) har to eller fleire tilknytingspunkt til overordna veg, skal utgangspunktet for nummereringa til vanleg vera det som ligg nærast utgangspunktet nemnd i nr.1 rekna etter ferdselsåra.
- 3 Sidevegar til ein overordna veg, bør gjevast eige adressenamn dersom sidevegen er:
 - a) kortare enn 200 m og fører til minst 20 adresseeiningar.
 - b) lengre enn 200 m og fører til minst 14 adresseeiningar eller
 - c) lengre enn 500 m og fører til minst 7 adresseeiningar som gjeld fast

<p>busetnad og verksemder.</p> <p>4 Der adresseiningane mest tenleg kan knytast til eit naturleg avgrensa område, for eksempel ei øy, bør området ha eige adressenamn dersom det i området er minst 20 adresseiningar.</p> <p>5 Der unntak i begge retningar frå dei grensene som er sette i nr. 3 og 4, gjer det enklare for ukjente å finna fram, kan kommunen gjera unntak frå desse grensene ved utforminga av adresseplanen. Det same gjeld der ein ved dette kan unngå større endringar i det etablerte adressesystemet.</p> <p>§ 3 <i>Nummereringsprinsipp</i></p> <p>1 Det skal nyttast ulike tal på høgre og like tal på venstre sida av vegen sett frå startpunktet av vegen.</p> <p>2 Nummereringa av adresseiningane innafor dei einskilde adressenamna (adresseparsellane) skal vera i samsvar med tilrådd standard i NOU 1977:47 Adressetildeling.</p> <p>3 For adresseparsellar med spreidd busetnad bør ein nytta avstandsprinsippet der avstanden mellom dei fleste adresseiningane er større enn 50 m.</p> <p>§ 4 <i>Retningsliner for val og skrivemåte av adressenamna</i></p> <p>1 Adressenamna må passa inn i eit samordna system for adressering. Namna bør vera lette å oppfatta, skriva og uttala, og dei skal vera slik at dei ikkje blir forveksla med andre eksisterande adressenamn eller mykje brukte og ålment kjente stadnamn i adresseområdet. Adressenamna bør vera varierte.</p> <p>2 Eit adressenamn bør høva på staden, verka lokalisierende og så langt råd er byggja på lokal namnetradisjonen der adresseparsellen ligg.</p> <p>3 Namnet bør ikkje verka støytande eller</p>	<p>busetnad og verksemder.</p> <p>4 Der adresseiningane mest tenleg kan knytast til eit naturleg avgrensa område, for eksempel ei øy, bør området ha eige adressenamn dersom det i området er minst 20 adresseiningar.</p> <p>5 Der unntak i begge retningar frå dei grensene som er sette i nr. 3 og 4, gjer det enklare for ukjente å finna fram, kan kommunen gjera unntak frå desse grensene ved utforminga av adresseplanen. Det same gjeld der ein ved dette kan unngå større endringar i det etablerte adressesystemet.</p> <p>§3 <i>Nummereringsprinsipp</i></p> <p>1 Det skal nyttast ulike tal på høgre og like tal på venstre sida av vegen sett frå startpunktet av vegen.</p> <p>2 Nummereringa av adresseiningane innafor dei einskilde adressenamna (adresseparsellane) skal vera i samsvar med Adresserettleiaren til Statens kartverk</p> <p>§ 4 <i>Retningsliner for val og skrivemåte av adressenamna</i></p>
---	--

<p>komisk.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4 Gjennom namnsettinga skal ein verna om og ta vare på lokal kulturarv. 5 Namn på personar som er i live, bør ikkje bli tekne i bruk i adressenamn. 6 Skrivemåten skal vera i samsvar med det lokale målføret og elles følgja normer for rettskriving av stadnamn. Der rettskrivinga gjev rom for varierende normering, skal ein nytta den forma som ligg nærast opp til talemålet på staden der adresseparsellen ligg. 7 I saksførebuinga til namneval skal lokalmiljøet, aktuelle uttrykkingsetatar og Statens namnekonsulentar for Vestlandet vera rådspurte. <p>§ 5 <i>Tidspunkt for skilting</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunen skal setja opp adressenamnskilt og tilvisingsskilt seinast samstundes med at det blir sendt melding til eigarane/festarane om å skilta sine adresser. 2. Fristane for eigar/festar til å setja opp skilt på sin eigedom er som fastsett i kommunen si vedtekt til plan- og bygningslova § 105. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennom namnsettinga skal ein verna om og ta vare på lokal kulturarv 2. Namn på personar som er i live, bør ikkje bli tekne i bruk som adressenamn. Der ein vegparsell får namn etter ein historisk person, skal namnet skrivast slik vedkomande skreiv namnet sitt 3. Når det er trong for å etablera ein ny namneparsell, skal vedkomande adresseansvarleg senda utkast til namn på høyring til dei andre adresseansvarlege i adresseringsområdet før saka blir sendt avgjerdsinstansen 4. I saksførebuinga til namneval skal lokalmiljøet, aktuelle uttrykkingsetatar og Statens namneteneste for Vestlandet vera rådspurte <p>§ 5 <i>Skiltreglar</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Skiltform og kvalitet</u> Adresseskilta skal vera i samsvar med nasjonal standard. Der det manglar slik standard, skal skilta vera i samsvar med dei lokale standardane som er brukt ved etablering av adressesystemet i adresseringsområdet 2. <u>Plassering og oppsetting av kommunale skilt</u> Forvaltar av adressesystemet i kommunen fastset plassering av skilta. For skilt langs riks- og fylkesvegar skal det skje i samråd med Statens vegvesen. Han/ho syter òg for oppsetting og vedlikehald av dei skilta kommunen har ansvaret for etter regelverket 3. <u>Plassering av husnummerskilt m.v.</u> Husnummerskilt og tilvisingsskilt som eigar/festar skal setja opp (jf. § 57i mf.), skal plasserast slik at det er tydeleg kva for adresseining nummeret gjeld for. Plasseringa skal vera slik at nummer-skilt eller tilvisingsskilt er lett synlege heile året frå fellesveg som fører til adresseininga, også etter det er mørkt.
---	--

Skilta skal om råd, plasserast ca 2.5 m over bakken til venstre for eller over ytre hovudinngangsdør til adresse-eininga. Der slik plassering ikkje er synleg, eller dårleg synleg frå fellesvegen, skal adresseskilt eller tilvisingsskilt vera plassert ved vegen som fører til huset som adressa er knytt til.

Kommunen kan pålegga eigar/festar å setja opp tilvisingsskilt på sin eigedom der kommunen finn det turvande for å gjera det lett for ukjende å finna fram til adressa.

Dersom eigar/festar ønskjer anna utforming av sitt husnummerskilt enn kravd i nr.1, kan kommunen etter tilfredsstillande skriftleg søknad godkjenne andre utføringar dersom skiltinga blir minst like tenleg som ved bruk av fastsett standard. Unntaksløyvet skal vera skriftleg og mellombels

4. Tidspunkt for skilting

Ved tildeling av adresse til eksisterande eigedomar eller pålegg om endring av eksisterande adresse, skal kommunen setja ein rimeleg frist for eigar/festar til å setja opp pålagde skilt. Fristen skal gå fram av tildelings-/påleggsmeldinga frå kommunen.

For nye bygningar som har fått tildelt adresse, skal adresseskilta vera på plass før det blir gjeve bruksløyve eller ferdigattest for bygningen

5. Skilt som ikkje er i samsvar med § 5 nr. 1 og 3, kontroll og retting av manglar.

Eksisterande skilt som ikkje har form eller plassering som fastsett § 5 nr. 1 og 3, kan kommunen krevja at eigar/festar endrar slik at dei tilfredsstillar funksjonskrava i § 5 nr. 3 første ledd. Pålegg skal vera skriftleg og det skal setjast rimeleg frist for gjennomføringa. Dersom pålegg ikkje er gjennomført innan sett frist eller lengd frist etter søknad, kan kommunen gjennomføra pålegget for eigar/festar si rekning.

Brannvernet i kommunen skal føra

tilsyn med at adressesystemet til ei kvar tid er skilta i samsvar med gjeldande regelverk og pålegg. Manglar skal meldast til vedkomande adresseforvaltar, som gjev pålegg om retting av konstatert mangel med rimeleg frist til å retta påpeika mangel

§ 6 Endring av tildelt adresse

- 1 Før kommunen med heimel i forskrifta punkt 15.11 nest siste setning endrar ei adresse, skal eigar/festar til vedkomande eigedom eller eigedomsdel ha fått melding om og høve til å uttala seg om endringsframlegget.
- 2 Eigar/festar kan søkja kommunen om å få endra tildelt adresse til ei meir tenleg adresse; for eksempel adressenummer til annan veg som huset på eigedomen har tilkomst til.

§ 7 Iverksetjing

Desse retningslinene gjeld frå den datoen dei er vedtekne av kommunestyret.

B

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt

Vedteken av kommunestyret i
den

§ 1 Husnummerskilta, form og utføring

- 1 Husnummerskilta skal ha form og utføring i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 770.
- 2 Tilvisingsskilt som eigar/festar blir pålagt å setja opp, skal ha form og utføring som vist i vedlegg til denne vedtekta.
- 3 Dersom eigar/festar ønskjer anna utforming av sitt husnummerskilt enn kravd i nr.1 eller nr. 2, kan kommunen i medhald av § 105 i plan- og bygningslova godkjenne andre utføringar dersom skiltinga blir minst like tenleg som ved bruk av fastsett

standard. Unntaksløyvet skal vera skriftleg og mellombels.

§ 2 Skiltplasseringa

- 1 Husnummerskilt og tilvisingsskilt som eigar/festar skal setja opp, skal plasserast slik at det er tydeleg kva for adresseeining nummeret gjeld for. Plasseringa skal vera slik at nummerskilt eller tilvisingsskilt er lett synlege heile året, også etter det er mørkt, frå fellesveg som fører til adresseeininga.
- 2 Skilta skal om råd, plasserast ca 2.5 m over bakken til venstre for eller over ytre hovudinngangsdør til adresseeininga. Der slik plassering ikkje er synleg, eller dårleg synleg frå fellesvegen, skal adresseskilt eller tilvisingsskilt vera plassert ved vegen som fører til huset som adressa er knytt til.
- 3 Kommunen kan pålegga eigar/festar å setja opp tilvisingsskilt på sin eigedom der kommunen finn det turvande for å gjera det lett for ukjende å finna fram til adressa.

§ 3 Tidspunkt for skilting

- 1 Ved tildeling av adresse til eksisterande eigedomar eller pålegg om endring av eksisterande adresse, skal kommunen setja ein rimeleg frist for eigar/festar til å setja opp pålagde skilt. Fristen skal framgå av tildelings-/påleggsmeldinga frå kommunen.
- 2 For nye bygningar som har fått tildelt adresse, skal adresseskilta vera på plass før det blir gjeve bruksløyve eller ferdigattest for bygningen.

§ 4 Skilt som ikkje er i samsvar med §§ 1 og 2, kontroll og retting av manglar

- 1 Eksisterande skilt som ikkje har form eller plassering som fastsett i §§ 1 og 2 eller som er godkjent etter § 1 nr. 3, kan kommunen krevja at eigar/festar endrar slik at dei tilfredsstiller funksjonskrava i § 2 nr. 1 første ledd. Pålegg skal vera skriftleg og det skal

setjast rimeleg frist for gjennomføringa. Dersom pålegg ikkje er gjennomført innan sett frist eller lengd frist etter søknad, kan kommunen gjennomføra pålegget for eigar/festar si rekning.

- 2 Brannvernet i kommunen skal føra tilsyn med at adressesystemet til ei kvar tid er skilta i samsvar med gjeldande regelverk og pålegg. Manglar skal meldast til vedkomande skiltansvarleg med rimeleg frist til å retta påpeika mangel.

§ 5 Iverksetting

Vedtekta gjeld frå ho er vedteke av kommunestyret.

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt

STANDARD FOR TILVISINGSSKILT TIL HUSNUMMER

Storleik, utforming og materialval.

Skilt- og teksthøgd som for husnummerskilt; vanlegvis 150 mm og 105 mm. Lengda av skiltet må tilpassast lengda av skrift- og tal som skal vera på skiltet. Skiltet skal vera av same kvalitet og materiale som husnummerskilta, og ha **kvit reflekterande botn** med svart markeringsrand som desse. Tekst og tal skal vera i svart og plassert sentrisk i høve til topp og botn av skiltet. I den enden av skiltet som viser retninga ein skal gå for å finna fram til adressa, skal det vera ei svart pil der dette vil gjera det lettare å finna fram, jf. teikning. Tekst/tal skal plasserast sentrisk i det opne kvite feltet av skiltet. Frå tekst til svart kant i begge endar skal det minst vera 60 mm.



VURDERING

§ 1 i ny forskrift er ny i den lokale forskrifta med heimel i den sentrale forskrifta. Det er praktisk og logisk i høve til § 2 å synleggjera tidlegare kommunale vedtak om felles adresseringsområde som overordna § i den lokale forskrifta

Nåverande § 1 med heimel i delingslova, er blitt sentral forskrift.

Nåverande § 2 er uendra

Nåverande § 3 er i prinsippet uendra. Men oppdateringa med tilvising til ny adresserettleiar har medført innkorting av forskrifta

Mykje av det som står i nåverande § 4 er blitt sentral forskrift, (det som er utelate i den nye), jf. § 52 i matrikkelforskrifta . I nr. 3 er forskriftfest den saksrutinen som er etablert for å oppretthalda ei turvande samordning i namnsetting av adresseparsellane i adresseringsområdet og i nr. 4 er nemninga av Staten si namneteneste oppdatert .

Nåverande § 5 og nåverande vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova er samordna til ny § 5 Skiltreglar. Det meste som står i dagens forskrift er nå blitt sentral forskrift og dermed sløyfa. Att står dei tilleggsreglane ein ønskjer for å få ei einsarta skilting innan adresseringsområdet. Dette er reglar som står i gjeldande vedtekt til pbl, men nå redaksjonelt tilpassa matrikkellova og forskriftene til denne.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek kommunal forskrift til § 21 i matrikkellova.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	12.05.2011	015/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	07.06.2011	037/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-036, N-001	Arkivsaknr.: 10/241
---------------------	---------------------

SAK 037/11 - NORDHORDLAND DIGITALT- ENDRA ORGANISASJONSMODELL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner rådmannsgruppa/styret i regionrådet sitt framlegg til framtidig organisasjonsmodell.

FUP-015/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre godkjenner rådmannsgruppa/styret i regionrådet sitt framlegg til framtidig organisasjonsmodell.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 12.05.2011:

Ordfører orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-037/11 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner rådmannsgruppa/styret i regionrådet sitt framlegg til framtidig organisasjonsmodell.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.04.2010	Anne Kristin Rafoss	Årsmelding 2009 for Nordhordland digitalt
2	I	07.04.2011	Utskrift frå kommunestyret i Radøy	Nordhordland Digitalt 2011 - endra organisasjonsmodell

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Vedlegg i saka:

1. Nordhordland digitalt – Veggen vidare (samarbeidsorganet sin evalueringsrapport)
2. Rådmannskollegiet sitt vedtak av 20.10.2010
3. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS si tilråding av 03.12.2010

Nordhordland digitalt vart etablert i 2006 av kommunestyra i regionen som ein interkommunal samarbeidsorganisasjon for fagleg samarbeid og realisering av visjonar og mål sett i vedtekne kommunedelplanar for geodata og for plan- og byggesaksforvaltinga i kommunen. Etter tilråding frå Regionrådet Nordhordland IKS vart ansvaret for sekretariatsfunksjonen lagt til sekretariatet til Regionrådet Nordhordland IKS. Samarbeidet har halde høg fagleg kvalitet, og vore til stor nytte i utviklinga av fagfeltet. Nordhordland digitalt har også motteke vesentlege utviklingsmidlar gjennom fylkesmannen og DIFI.

FAKTA

I 2010 er det gjennomført ei evaluering av organisasjonen Nordhordland digitalt og organiseringa av denne. Fagkonsulenten som har vore nytta, Torbjørn Trageton, kunne ikkje halda fram lenger. Konklusjonen er at det etablerte samarbeidet må halda fram, men at sjølve organisasjonen vert justert og vidareført i ein vertskommunemodell.

Nordhordland digitalt er fagorgan for rådmannskollegiet i regionen. Rådmannsgruppa handsama evalueringsrapporten med tilhøyrande sakutgreiing i møte 20.10.2010 og slutta seg der til den tilrådde organisasjonsendringa.

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS handsama saka i møte 03.12.2010 og tilrår at kommunane vedtek den reviderte organisasjonsmodellen for Nordhordland digitalt

VURDERING/KONKLUSJON

Rådmannen meiner at dette samarbeidet har vore svært nyttig for Masfjorden og dei andre kommunane i regionen og har følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner rådmannsgruppa/styret i regionrådet sitt framlegg til framtidig organisasjonsmodell.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.05.2011	038/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	07.06.2011	038/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-138, N-130	Arkivsaknr.: 11/253
---------------------	---------------------

SAK 038/11 - KOMMUNAL BUSTADEIGEDOM 2011- STATUS OG TILTAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune legg to einebustadar på Sandnes, hus nr 9 og hus nr 13 ut for sal.
2. Rådmannen får, i samråd med formannskapet, fullmakt til å selja hus til noverande leigetakarar på særlege vilkår, der dette er i tråd med prioritet 1 i vedtektene, og bustadsosiale verkemiddel i husbanken.
3. ”Tippehuset” skal vurderast særskilt, og rådmannen skal leggja fram vurdering/kalkyle på opprusting før kommunestyret tar endeleg avgjerd om disponeringa av denne eigedommen.
4. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.

Finansiering

Heimel

FS-038/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune legg to einebustader på Sandnes, hus nr 9 og hus nr 13 ut for sal.
2. Rådmannen får, i samråd med formannskapet, fullmakt til å selja hus til noverande leigetakarar på særlege vilkår, der dette er i tråd med prioritet 1 i vedtektene, og bustadsosiale verkemiddel i husbanken.
3. ”Tippehuset” skal vurderast særskilt, og rådmannen skal leggja fram vurdering/kalkyle på riving/sal før kommunestyret tar endeleg avgjerd om disponeringa av denne eigedommen.
4. Rådmannen førebur sal/riving av den gamle sjukeheimen.
5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.

Det skjedde i Formannskapet den 12.05.2011:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka og tilstanden til dei ymse utleigebustadane i kommunen. Ho sa at planutvalet må ta synfaring på Tippehuset for å vurdere kostnad på eventuell rehabilitering og kostnad med å byggja veg opp/kontra riva og leggja området ut som tomteland.

Marit Steinestø, KrF, spurde om kor fort ein kan koma i gong med bygging av utleigebustader på Matre?

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er lagt til rette for dette i områdeplanen for Matre og frå kommunen si side kan det gå fort. Det har kome initiativ frå private lokale næringsinteresser som vurderer å byggja utleigebustader på Matre. Dette vil kommunen medverka positivt til i lag med BKK og HI. Dersom dette lukkast vil kommunen garantera for leiga på 4 husvære slik intensjonen var i det planlagde samarbeidet med Statsbygg.

Willy Borge, Frp, spurde om kor mange nye bueiningar det totalt er tenkt på Matre?

Rådmannen svara at det var 16 – 18 i skissa frå Statsbygg.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om kor lenge ein omsorgsbustad er bandlagt som omsorgsbustad før den kan leigast til vanleg bustad.

Rådmannen sa at ho kunne ikkje svara heilt på det, men trur det er 20 år, men kommunen kan leiga ut for kortare tid til vanlege leigetakarar. Det har me allereie gjort på Matre.

Willy Borge, Frp spurde om det har vore kartlagt kor mange private utleigebustader der er i kommunen. Rådmannen svara at me har ikkje direkte kartlegging på det, men me har stadig folk som vender seg til oss når dei har husvære til leige, slik at me har ei til dels bra oversikt over private som har hus å leiga ut.

Laila S. Reknes, Ap, vil gjera framlegg om å selja Tippehuset og sjukeheimen i lag, då det er heile tomtearealet der som vil vera interessant .

Rådmannen svara at det beste vil vera å riva Tippehuset, men problemet er at det er 5 leigetakarar som bur der no som me må skaffa hus til.

Vigdis Søvik, Sp, og Laila S. Reknes, Ap, sette fram felles framlegg til nytt pkt 4:
Rådmannen førebur sal/riving av den gamle sjukeheimen.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg og tilleggsframlegget frå SP og AP vart samrøystes vedteke.

KS-038/11 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune legg to einebustader på Sandnes, hus nr 9 og hus nr 13 ut for sal.**
2. **Rådmannen får, i samråd med formannskapet, fullmakt til å selja hus til noverande leigetakarar på særlege vilkår, der dette er i tråd med prioritet 1 i vedtektene, og bustadsosiale verkemiddel i husbanken.**
3. **” Tippehuset” skal vurderast særskilt, og rådmannen skal leggja fram vurdering/kalkyle på riving/sal før kommunestyret tar endeleg avgjerd om disponeringa av denne eigdommen.**
4. **Rådmannen førebur sal/riving av den gamle sjukeheimen.**
5. **Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.**

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka. Ho kom og innpå arbeidet med den pågåande områdeplan på Sandnes og møte/synfaring som har vore med Statens vegvesen om avkjørsle i området.

Saka vart drøfta.

Det var stor semje om at riving av Tippehuset og ev. riving/sal av den gamle sjukeheimen var det einaste rette å gjera.

Dette er eit attraktivt tomteområde for bustader som det er stort behov for på Sandnes.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har no ferdigstilt 10 bustadeiningar, 5 på Hosteland og 5 på Sandnes. Begge stader har kommunen lyst ut sal av einingar. På Hosteland selde kommunen ei bustadeining, det var fleire interesserte men dei kom ikkje med konkrete bod og husværa vart etter dette utleigd. På Sandnes har det ikkje meldt seg kjøparar.

Det er no ti år sidan kommunestyret har hatt gjennomgang av bustadmassen med tanke på å vurdera kva tilbod ein har, kva behovet er og kva ein eventuelt ynskjer å selja. Det har også no i ettertid meldt seg ein interessent som ynskjer å kjøpa eit av husværa på Hosteland. Kommunen har i seinare tid hatt utbygging og etablering av fleire bueiningar i Masfjorden som eit av sine hovudfokus. Kommunen har medverka til dette ved å støtta etablering av nye bustadfelt i samarbeid med unge etablerarar og grunneigarar. I denne saka vil vi fokusera på kva bustader kommunen no eig, kva behov vi ser no og i framtida og koma med tilrådingar om vidare utvikling/utbygging, opprusting og avvikling av kommunal bustadeigedom.

FAKTA

Masfjorden kommune har følgjande bustadeiningar:

Omsorgsbustader:

- Matre 5
- Haugsvær 1 (bygd som HVPU)
- Haugsvær 4
- Hosteland 9 + 2 avlastningsbustader
- Masfjordnes 5

Til saman 26

Dette er ein auke på 10 einingar frå 2001. Ei bustadeining på Haugsvær er i perioden ombygd til base for heimetenestene i Indrefjorden.

Utleigebustader:

- Matre 6
- Hosteland 4 (nye)
- Ytre Haugsdal 4
- Sandnes 20 (inkl- 5 nye)

Til saman 34

Status utleigebustader

<p>”Tippehuset” Masfjordnes: 2 hybelhusvære (2-roms) på 60 kvm 2 hybelhusvære (2-roms) på 40 kvm</p>	<p>Hyblar etablert for tilsette ved aldersheimen på 60-talet. Noko ombygd og opprusta, stort vedlikehaldsbehov. Ikkje vegtilkomst, men trapper.</p>
<p>”Tippehuset” Masfjordnes 5 hyblar m/felles bad&kjøkken</p>	<p>Hyblar etablert for tilsette ved aldersheimen på 60-talet. Lite tenlege i vår tid, og stort vedlikehaldsbehov. Ikkje vegtilkomst, men trapper.</p>
<p>Bustader i rekke, Masfjordnes Fire 3-roms husvære</p>	<p>Den eine er fast turnusbustad, tenlege husvære i bra stand.</p>
<p>Masfjordnes Fem einebustader, av desse er to einebustader i rekke, to einebustader ved aldersheimen og ein einebustad m/kjellarhusvære (13)</p>	<p>Einebustader i rekke i bra stand. Einebustader ved aldersheimen, den eine har stort vedlikehaldsbehov, attraktiv tomt. Den andre noko vedlikehaldsbehov, utleigd på særlege vilkår. Einebustad m/kjellarhusvære treng noko oppussing.</p>
<p>Masfjordnes Tanngarden nr 22: Tannklinikk med tenestebustad</p>	<p>Tenleg buening på 120 kv Stort vedlikehaldsbehov</p>
<p>Ytre Haugsdal Fire treroms husvære</p>	<p>I bra stand, venteliste er vanleg på desse einingane. Ikkje venteliste no</p>
<p>Hosteland Fire rekkehusvære</p>	<p>Nye, i garantiperiode</p>

Matre: To rekkehusvære	Ligg ved Matre hotell, den eine er oppussa og den andre i brukbar stand, men bør pussast opp når ev. ny leigetakar skal inn.
Matre , Stien Fire 3-roms husvære	Bra stand, mykje ut og innflytting, stadig vedlikehald og ettersyn. Lydisolering kunne vore betre mellom bueningane.

Vi opererer med to prisar. 80 % av full leige dei tre fyrste åra. Etter 3 år går husleiga opp til full leige (100 %)

Prisen er kr. 55,- pr kvm i 80 % av full leige. Ved full leige er prisen om lag 68 pr kvm.

INNTEKTER:

Bustader	Samla pr. måned	Samla pr år
Ordinære utleigebustader (både 3 roms, 2 roms og hyblar) + dei nye	119.193,-	kr. 1.430.316,-
5 einebustader	kr 23.276,-	kr. 279.212,-
Omsorgsbustader (alle)	kr. 113.788	kr. 1.365,456,-
Til saman i husleige dersom alle er utleigde		Kr. 3.074.984,-

I tillegg kjem dei fem nye rekkehusværa på Sandnes. Det er berre to husvære som er ledige for utleige no. Det er tanngarden på Sandnes og eit av dei nye husværa på Sandnes.

Vedtekter for kommunale bustader 2009 – revisjon K-sak 91/09

Vedtektene for forvaltning av dei kommunale bustadene vart sist revidert av kommunestyret i 2009. Vedtektene lyder slik:

- A. Masfjorden kommune har ein bustadmasse som vert disponert til fylgjande målgrupper i prioritert rekkjefylgje;**
- 1. Bustad som del av kommunen sitt ansvar for å sikre livsopphald (sosialtenestelova)**
 - 2. Gjennomgangsbustader til tilsette i kommunen.**
 - 3. Andre med trong for mellombels bustad.**
- B. Rådmannen tildeler, fylgjer opp og avsluttar leigekontraktar i tråd med husleigelova sine retningslinjer. Formannskapet er klagenemnd.**
- C. Rådmannen har ansvar for vedlikehald og for løpande vurdering av behov for kjøp, sal og/eller bygging av nye bustader. Framlegg om dette vert vurdert av formannskap og kommunestyre.**
- D. Ved stor mangel på husvære kan kommunen leige inn husvære frå private. Innleige over tid som påfører kommunen kostnader skal godkjennast av formannskapet.**
- E. Tildeling av omsorgsbustader vert gjennomført av inntaksrådet, jmf delegeringsreglementet.**

VURDERING

Masfjorden kommune har investert betydelege summar i bustader. Dette har vore både viktig og naudsynt. Vi har plikt til å skaffa bustader etter sosialtenestelova. Det er også naudsynt å tilby bustader til tilsette. Kommunen må sikra seg naudsynt kompetanse. Det er svært få hus til leige i kommunen vår, og den største arbeidsgjevaren er kommunen. Når vi lyser ut stillingar, ynskjer vi også nye innbyggjarar. Det er uråd å rekruttera nye innbyggjarar dersom vi ikkje kan tilby gjennomgangsbustader. Alderssamansetninga av tilsette i dag tilseier at behovet for bustader til tilsette vil auka.

Kommunen har hatt som hovudmål å auka folketalet. At innflyttarar finn ein tenleg utleigebustad slik at dei kan trivast og velja å byggja og bu her, er viktig. At masfjordingar som vel å flytta heimatt har ein stad å bu medan dei byggjer eigne hus, er like viktig. Det er behov for ein større bustadmasse i kommunen vår, og attraktive utleigebustader kan gje bulyst.

Rådmannen meiner at det er behov for fleire utleigebustader i alle deler av kommunen. Utfordringa framover er å få næringslivet og private til å interessera seg for å etablera utleigebustader. Kommunen bør vera positive til å samarbeida med private/næringsliv om slike prosjekt.

Slik den økonomiske situasjonen for kommunen ser ut, er det ikkje mogleg å halda fram med store investeringar i utleigebustader. Kommunen har ein betydeleg kapital bunden til eksisterande kommunale bustadmasse. Ikkje alle bueiningar som kommunen disponerer er like tenlege i dag. Det er derfor viktig å vurdera eigedommane og selja dei bustadene ein ikkje kan nytta effektivt ut frå behova i dag. Slik kan ein kan få handlingsrom til å etablera bustader som er tenlege for målgruppene som vedtektene prioriterar.

Vurdering av Masfjorden kommune sin eigedomsmasse, utviklinga dei siste ti åra og utfordringar i tida framover.

- Det er etablert omsorgsbustader på Sørsida. Dette løyste ei hovudutfordring. Men det kan sjå ut som om behovet for avlastningsbustader aukar.
- Det har heile tiårsperioden vore for få bustader til leige i heile kommunen. Vi har i periodar hatt venteliste til kommunale hus i alle delar av kommunen.
- Den nye sjukeheimen på Hosteland flytta den største kommunale arbeidsplassen til Hosteland. Når ein ser på framtidig behov for å rekruttera kommunal arbeidskraft, vil det bli bruk for fleire utleigebustader til kommunalt tilsette på Hosteland. Det er også stort behov for ordinære utleigebustader i Nordbygda. Kommunen har no for få utleigebustader i denne delen av kommunen. Det er derfor positivt at private investorar er i gang med etablering av nokre utleigebustader i Nordbygda.
- Dei eldre kommunale bustadane er i all hovudsak nedbetalte og i brukbar, men nøktern stand og bidreg positivt til drifta av kommunen.
- Ved sal av bygg må ein vurdera kost-nytte. Hus som er i god stand og lette å leiga ut, bør ein behalda. Hus som treng større rehabilitering kan ein selja. Kommunen bør etter rådmannen sitt syn selja noko av bustadmassen, men gjerne på sikt auka tilgangen på utleigehusvære i alle deler av kommunen.
- Masfjorden kommune har hatt som mål å auka folketalet, og for å lukkast med dette må det etablerast fleire bustader i kommunen. Bustadsituasjonen på Matre er vanskeleg. BKK har no selt dei fleste husa sine, og mangelen på utleigebustader hindrar tilflytting. Dei kommunale husværa har hyst mange unge masfjordingar i den perioden dei har bygd eigne hus. Bustadsituasjonen kan bli vanskelegare når anleggsperioden som BKK skal ha frå 2012-2015 startar. Me har arbeidd med bustadstifting, og med bygging av utleigebustader i eit samarbeid med BKK og Statsbygg, førebels utan resultat. Etter det rådmannen har fått melding om, har Statsbygg skrinlagt sine planar om å byggja utleigebustader på Matre. Det er no kome eit nytt initiativ frå private, lokale næringsinteresser som vil vurdera å byggja utleigebustader på Matre. Kommunen bør medverka positivt til dette, saman med BKK og HI. Dersom det lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 husvære, slik intensjonen var i det planlagde samarbeidet med Statsbygg.
- Det har ikkje lukkast å etablera folkehøgskule i gamle Masfjorden sjukeheim. Denne bygningsmassen må no seljast.
- Dei to einbustadene som ligg nærast institusjonen kan også seljast. Likeeins hus nr 13, einbustad i Sandneslia med kjellarhusvære.

- Dei kommunale bustadene må prioriterast for utleige i tråd med vedtektene som kommunestyret har gjort vedtak om. Det er no utlysing av stillingar både etter rådmann, teknisk sjef, økonomikonsulent og lærarar. Me må difor ha husvære å tilby ved eventuelle tilsetningar. Kommunen har dermed no ingen ledige husvære.
- Dei som har førsteprioritet til kommunale bustader, er dei som har rettar etter sosialtenestelova. Dette er ei svært variert gruppe, dei fleste har berre bruk for kommunal bustad ei kort stund på grunn av t.d. samlivsbrot, sjukdom m.v. Men rådmannen har merka seg at enkelte leigetakarar som kjem inn under punkt A, 1 i vedtektene kan verta varig buande i kommunale bustader fordi det er vanskeleg for dei å stilla med praktiske og økonomiske ressursar til å etablera seg med eigen bustad. Masfjorden kommune har ikkje hatt noko prosjekt med målretta satsing på at også denne gruppa ved hjelp av bustadsosial støtte gjennom Husbanken kan bli sjølveigarar. Rådmannen meiner at sjølveigande bustad kan vera ein viktig faktor for sjølvrespekt, tryggleik og livskvalitet, og vil rå til at kommunen gjennomfører ein dialog med aktuelle brukarar/familiar som kan dra nytte av dei statlege boligsosiale verkemidla.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune bør framleis ha stort fokus på å etablera fleire attraktive utleigebustader i alle deler av kommunen. Kommunen må også prioritera eit godt vedlikehald av den store og verdfulle bustadmassen vi har. Kommunen har behov for å tilpassa bustadmassen i tråd med behova ein ser i dag og i framtida. Kommunen kan skaffa seg noko økonomisk handlingsrom til vedlikehald, tilpassing og medverknad til utbygging ved å selja og sanera deler av dei bustadene ein no har.

Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen, og for å unngå å operera som konkurrent til privat næringsliv, meiner rådmannen at kommunen ikkje bør byggja nye bustader for sal. Men rådmannen kan ikkje sjå at det er noko i vegen for at kommunen samarbeider og støttar private prosjekt innafor rammene som kommunestyret har gitt i budsjettet som stønadsordningar til bustadføremål.

Rådmannen meiner at kommunen i liten grad har behov for einebustader. Dette er dyre husvære/uteområde/hagar å halda vedlike. Kommunen har alt selt fleire einebustader, og bør vurderer å selja fleire.

Rådmannen meiner også at "Tippehuset" må vurderast nøye. Skal kommunen ha dette bygget i drift i framtida, vil det krevja investering i veg opp til desse bustadene og ei større investering i vedlikehald/opprusting. Deler av huset er ikkje tenleg etter dagens standard. Rådmannen har ikkje fått rekna på kva kostnader dette vil innebera, men ut frå faglege vurderingar og samanlikning med t.d. BKK sine kalkylar for bustader på Matre som var bygd på om lag same tid, vil truleg kostnadane nærma seg kostnadene ved nybygg. Det er ikkje økonomisk forsvarleg. Det er mangel på tomter på Sandnes, og området der "Tippehuset" ligg, ville bli svært attraktive for einebustader. Rådmannen vil rå til at FUP tar ei synfaring og ser på dette i samband med ferdigstilling av arealdelen i kommuneplanen.

Framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune legg to einebustadar på Sandnes, hus nr 9 og hus nr 13 ut for sal.
2. Rådmannen får i samråd med formannskapet fullmakt til å selja hus til noverande leigetakarar på særlege vilkår, der dette er i tråd med prioritet 1 i vedtektene, og bustadsosiale verkemiddel i husbanken.
3. ” Tippehuset” skal vurderast særskilt, og rådmannen skal leggja fram vurdering/kalkyle på denne eigedommen før kommunestyret tar endeleg avgjerd om disponeringa av denne eigedommen.
4. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet			Lovisa Midtbø
Kommunestyret	07.06.2011	039/11	Ottar Myrtveit

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 11/66
--------------	--------------------

SAK 039/11 - LANDBRUKSTENESTER - SAMARBEID MED GULEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner innholdet i samarbeidsavtalen mellom Gulen og Masfjorden kommunar om kjøp av arbeidstid/landbrukstenester.

Finansiering

Heimel

Kopi til:

Gulen kommune v/ rådmann

KS-039/11 VEDTAK:

1. Masfjorden kommunestyre godkjenner innholdet i samarbeidsavtalen mellom Gulen og Masfjorden kommunar om kjøp av arbeidstid/landbrukstenester.
2. I det årlege budsjettarbeidet må det setjast av midlar for å kunna realisera tiltaka i den planlagte landbruksplanen.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om bakgrunnen og forhandlingane med Gulen om samarbeidsavtalen. Drøftingane har vore positive, og det som ligg inne no er det tilbodet me har fått frå rådmannen i Gulen. Gulen kommune har ikkje vedteke avtalen enno.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dette er ein dårleg avtale og at Senterpartiet vil koma med nokre merknader til avtalen. Ho spurde om bondeorganisasjonane i Masfjorden, var forespegla ein stillingsprosent på 20 % av eit årsverk då saka vart drøfta med dei. (ein dag for veka)

Merknad til pkt 2 i avtalen:

Tenestene KAN leverast ved frammøte i Masfjorden kommunehus, møteverksemd, synfaring, samt heimekontor/Gulen kommunehus.

Søvik sa at dette punktet er veldig uklårt og ein kan enda opp med at brukarane må til Eivindvik for å få utført den rettleiing og bruk av landbruksfagleg kompetanse kommunen kjøper og betalar for.

Senterpartiet vil føreslå at ein brukar ordet SKAL i staden for kan i første linje i pkt 2. og at ein utover denne kontordagen kan kontakta den landbruksfaglege på heimekontor/Gulen kommunehus.

Senterpartiet kunne og tenkja seg eit ekstra punkt i vedtaket:

Den landbruksfaglege skal på vegne av landbrukskontoret i Masfjorden delta og gje uttale i samband med kommuneplanen og arbeidet med reguleringsplanar for å ivareta jordbruksarealet.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sette fram slikt framlegg til vedtak:

I det årlege budsjettarbeidet må det setjast av midlar for å kunna realisera tiltaka i den planlagte landbruksplanen.

Fleire tok ordet og gav uttrykk for at dei ville gå for rådmannen sitt framlegg til avtale som var framforhandla med Gulen. Dei såg på avtalen som fleksibel og at ein no må prøva ut korleis det vil fungera. Ein får så evaluera avtalen etter ei tid og gjera endringar om det skulle vera behov for det.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om å heva møtet slik at partigruppene kunne få samanhalda og drøfta synspunkta/framlegga som låg føre.

Møtet vart heva.

Etter at møtet vart sett var det Ap sitt framlegg til tilleggspunkt som vart sett fram til røysting i tillegg til rådmannen sitt framlegg.

Sidan Senterpartiet ikkje fekk gehør for sine framlegg sa Søvik at ho trekte framlegga, men ba om at synspunkta til SP vart teke med under "Dette skjedde i møtet".

Røysting:

Det vart røysta punkt for punkt.

Pkt 1 rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt 2 frå Ap vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	26.01.2011	Bondeorganisasjonane	Landbrukstenester - samarbeid med Gulen kommune
2	U	14.02.2011	Organisasjonane i landbruket	Referat frå møtet om Landbrukstenester 08.februar.2011
4	U	03.03.2011	Gulen kommune	Melding om politisk vedtak - Landbrukstenester - samarbeid med Gulen kommune

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommunestyre gjorde følgjande vedtak :

KS-014/11 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandlingar med Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse.

Endeleg avtale skal godkjennast av kommunestyret.

Etter dette har rådmannen hatt samtalar med rådmannen i Gulen. Det har vore møte mellom rådmennene der dei tilsette på landbrukskontora i Masfjorden og Gulen var med. Det ligg no føre utkast til samarbeidsavtale om kjøp av arbeidstid/landbrukstenester.

HØYRING/UTTALE

Saka har vore drøfta med organisasjonane i landbruket. Tilsett på landbrukskontoret har delteke i rådmannen sitt arbeid med saka.

FAKTA

Det ligg føre følgjande framlegg til innhald i samarbeidsavtale:

Avtale mellom Gulen og Masfjorden kommunar om kjøp av arbeidstid/landbrukstenester

Innhald i avtalen:

- 1. Masfjorden kommune kjøper arbeidstid/tenester frå Gulen kommune frå 01.08.11 tilsvarende ca 20% av eit årsverk, dvs ca ein dag/veke med frådrag for ferie/helgedagar og liknande.*
- 2. Tenestene til Masfjorden kommune kan "leverast" ved frammøte i Masfjorden kommunehus, møteverksemd eller synfaring samt frå heimekontor/Gulen kommunehus.*
- 3. Tenestene er i hovudsak knytt til :*
 - a. Jordlov/konsesjon*
 - b. Utviklingsarbeid*
 - c. Anna t.d. felles temaplan (Landbruk)*

Kostnader og betaling:

- 1. Masfjorden kommune betalar for 20% stilling som rådgjevar og 10% for kompetanseutvikling/kurs/leiing/administrasjon/tilgjenge(fleksibilitet)**
- 2. I tillegg kjem reisekostnader etter statens satsar**
- 3. Kvartalsvis faktura, med 30 dgr forfall**

Evaluering og utvikling

Samarbeidet om landbruksfagleg kompetanse skal følgjast opp og evaluerast, slik at ein kan gjera endringar/justeringar basert på erfaringar og behov for å sikra eit varig samarbeid og fagleg utvikling av landbrukstenestene som kommunane gjev. For å sikra målretta satsing overfor næringa, skal kommunane som første samarbeidsprosjekt utarbeida ein felles landbruksplan.

Oppseiing:

- 1. Avtalen er gjensidig oppseieleg (årleg), med oppseiing innan 31.12. – med verknad frå 31.06. påfølgande år**

VURDERING

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta samarbeidsavtalen som no ligg føre med Gulen kommune om kjøp av landbrukstenester. Avtalen dekkjer dei viktigaste forvaltningsområda som kommunen treng å styrkja, og prioriterer i tillegg utarbeiding av ein felles landbruksplan for begge kommunane. Drøftingane med Gulen kommune har vore positive, og viser at det er grunnlag for samarbeid på dette fagområdet.

Avtalen inneber noko reduserte lønnskostnader på landbruksområdet for Masfjorden kommune enn då kommunen hadde eigen landbrukssjef. Men kommunestyret må vera merksam på at ein felles landbruksplan kan koma opp med utviklingsprosjekt som krev lønnsmidlar til prosjektleiar/ prosjektmedarbeidar for å realisera dei tiltaka kommunane prioriterer. Ei slik planmessig satsing retta inn mot vedtekne prosjekt/mål kan gje ein ny giv for utviklinga av landbruket i bygdene våre. Utviklingstiltak kan berre lukkast dersom kommunane gjennom planarbeidet prioriterer mål/prosjekt som tar opp og løyser utfordringar for fleire gardbrukarar . For å få dette til, er det viktig at gardbrukarane sine organisasjonar er partnerar i planprosessen.

KONKLUSJON

Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner innhaldet i samarbeidsavtalen mellom Gulen og Masfjorden kommunar om kjøp av arbeidstid/landbrukstenester.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet - Ikkje offentlege saker	01.06.2011	004/11	Håkon Matre
Kommunestyret	07.06.2011	040/11	Håkon Matre

Arkiv: N-047	Arkivsaknr.: 11/233
--------------	---------------------

SAK 040/11 - TILSETTING AV RÅDMANN

Innstilling frå tilsettingsutvalet:

Formannskapet tilrår kommunestyret å tilsetja Svein Helge Hofslundsengen i stillinga som rådmann i Masfjorden kommune.

Ordførar får fullmakt til å forhandla om løns- og arbeidsvilkår.

Tilsetjingsutvalet 30.05.2011:

Tilsetjingsutvalet drøfta saka. Sjå saksutgreiing.

Etter ei samla vurdering, basert på innhenting av referansar, måling av kandidatane si erfaring og deira kunnskap, kompetanse og personlege eigenskapar, har tilsetjingsutvalet felles innstilling for kandidaten Svein Helge Hofslundsengen. Denne innstillinga er i tråd med tilrådinga frå Kommunal Rekruttering.

FSB-004/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret tilset Svein Helge Hofslundsengen i stillinga som rådmann i Masfjorden kommune.

Ordførar får fullmakt til å forhandla om løns- og arbeidsvilkår.

Det skjedde i Formannskapet - Ikkje offentlege saker den 01.06.2011:

Ordførar orienterte om prosessen rundt tilsetjinga, og spesielt om den gjennomgangen tilsetjingsutvalet hadde i sitt møte den 30.05.2011.

Formannskapet gav samrøystes tilslutnad til tilsetjingsutvalet si innstilling.

KS-040/11 VEDTAK :

Kommunestyret tilset Svein Helge Hofslundsengen i stillinga som rådmann i Masfjorden kommune.

Ordfører får fullmakt til å forhandla om løns- og arbeidsvilkår.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om prosessen fram til i dag.

Det var 7 søkjarar i utgangspunktet. Tre av desse ynskte at søknaden skulle verta unnateke offentlegheit. Ein fann til slutt at det var berre ein av søkjarane som hadde krav på at søknaden vart unnateke offentlegheit. Etter det var det tre som trekte seg.

Tre søkjarar vart innkalla til intervju.

Ordfører synte til pkt 2 i tilrådinga frå formannskapet om at ordfører får fullmakt til å forhandla om løns- og arbeidsvilkår. I praksis vil det seia at det er formannskapet som vil forhandla om vilkåra.

Kjell Løvik, H, sa at i 1996 var han med og tilsette Hofslundsengen som økonomisjef. Ein var då rimeleg trygg på at han var rette person. Han har synt gjennom alle desse åra at han har meistra og utført jobben på ein god måte. Han har og god kompetanse på området.

Dina Dyrhovden, Ap, det har vore ein interessant prosess å vera med i. Det har vore ein rydding og god prosess. Kommunal Rekruttering har og vore gode og profesjonelle å samarbeida med. Arbeidarpartiet si gruppe vil støtta tilsetting av Svein Helge Hofslundsengen som ny rådmann.

Vigdis Søvik, Sp, sluttar seg til det som no er sagt om Svein Helge. Ein føler seg trygg på at han har god kompetanse på økonomi og er ein person som dei tilsette kan føla seg trygg på. Senterpartiet sluttar seg til innstillinga av Svein Helge som rådmann.

Marit Steinestø, KrF, sa at Kommunal Rekruttering har vore veldig profesjonelle og det har vore eit godt samarbeid med dei.

KrF føler seg trygg på at Svein Helge vil verta ein god rådmann for Masfjorden og støttar innstillinga.

Willy Borge, FrP, sa at Frp støttar innstillinga av Svein Helge Hofslundsengen som rådmann.

Leila T. Andvik, V, sa seg samd med dei andre partia hadde sagt og støtta innstillinga av Svein Helge Hofslundsengen som rådmann.

Røysting:

Svein Helge Hofslundsengen vart samrøystes tilsett som ny rådmann i Masfjorden kommune.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.04.2011	Kommunal Rekruttering	Kontrakt mellom Masfjorden kommune og kommunal rekruttering

1. Kommunal Rekruttering: Utvida søkjarliste datert 09.05.2011
2. Kommunal Rekruttering: Presentasjon av kandidatar etter førstegangsintervju datert 13.05.2011
3. Kommunal Rekruttering: Vurdering etter annangongsintervju

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har nytta konsulentfirmaet Kommunal Rekruttering i tilsetjingsprosessen.

Det vart motteke i alt 7 søknader på ledig stilling som rådmann. Av desse trakk tre av kandidatane søknaden. Av dei fire attverande søkjarane har Kommunal Rekruttering gjennomført tre førstegangsintervju, i tillegg til at ein kandidat vart intervjuet over telefon. Av desse fire vart tre innkalla til annangongsintervju saman med tilsetjingsutvalet den 27. mai. I tillegg deltok Ørjan Valestrand som representant for arbeidstakarorganisasjonane.

Kandidatane vart vurdert ut frå følgjande hovudkriterium:

1. Formell bakgrunn og motivasjon for stillinga.
2. Kunnskap og innsikt i kommunal forvaltning og om kommunen sitt tenestetilbod.
3. Innsikt om stad- og næringsutvikling.
4. Kunnskap om økonomi, budsjett og økonomistyring, samt kunnskap om strategisk plan- og utviklingsarbeid.
5. Leiing.
6. Tilhøvet mellom politikk og administrasjon.
7. Personlege eigenskapar

VURDERING

Tilsetjingsutvalet deler Kommunal Rekruttering sitt syn på at kandidatane Jørn Viggo Dale og Svein Helge Hofslundsengen begge er meir aktuelle enn Grethe Lunde.

Tilsetjingsutvalet drøfta i møte 30.05.2011 inngåande kandidatane Dale og Hofslundsengen, og det var semje om at dei begge, slik Kommunal Rekruttering gir uttrykk for, vil kunne gå inn i ein rådmannsfunksjon i Masfjorden. Dei er på fleire punkt nokså ulike, og hovudkriteria for vurderingane vart drøfta og samanhalde med Kommunal Rekruttering si vurdering etter annangongsintervjuet.

Representanten for arbeidstakarorganisasjonane meinte i utgangspunktet at stillinga bør lysast ut på ny, men også han vektlegg Kommunal Rekruttering si vurdering.

Etter ei samla vurdering, basert på innhenting av referansar, måling av kandidatane si erfaring og deira kunnskap, kompetanse og personlege eigenskapar, har tilsetjingsutvalet felles innstilling for kandidaten Svein Helge Hofslundsengen. Denne innstillinga er i tråd med tilrådinga frå Kommunal Rekruttering.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	28.04.2011	032/11	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	07.06.2011	041/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/256
-----------	---------------------

SAK 041/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/1363	I	22.03.2011	Helsetilsynet	Oversendelse av Tilsynsmelding 2010
2	11/1999	I	05.05.2011	NGIR	Innkalling til årsmøte i NGIR den 30. mai
3	11/2011	I	20.12.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til årsbudsjett 2011 for Masfjorden kommune
4	11/1371	I	23.03.2011	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 07.03.2011
5	11/1446	I	10.03.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Fylkesmannen i Hordaland sitt Prosjekt ulovlege byggetiltak - årsmelding for 2010
6	11/2144	I	15.05.2011	Håkon Matre	Referat frå oppstartmøte i Vassområde Nordhordland
7	11/2321	I	26.05.2011	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 02.05.11
8	11/1449	I	17.03.2011	Helsetilsynet	Statens helsetilsyn oversender samlerapport frå tilsyn i 2010 med kommunens sosial- og helsetjenester til eldre
9	11/1696	I	11.04.2011	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå møte i kontrollutvalet den 11.04.2011
10	11/1723	I	07.04.2011	Helsetilsynet	Oppsummeringsrapport - gjennomgang av vedtak om tvungen innleggelse og tilbakehold i helseinstitusjon
11	11/1781	I	15.04.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid iMasfj.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-032/11 VEDTAK:

Skriv som var vedlagt sakspapira vert utsett til neste møte i kommunestyret. Spørsmål og melding stilt i møtet vart svara på og teke til orientering.

KS-041/11 VEDTAK :

Skriv og meldingar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ordfører Håkon Matre gjekk gjennom skriv og meldingar som var utsett frå førre møte i kommunestyret.

Til skriv 2) Innkalling til årsmøte i NGIR 30. mai.

Laila S. Reknes sa ho var på møte i NGIR og det var så vidt dei var vedtaksføre. Marianne Ulvatn hadde meldt forfall i god tid, men dei hadde ikkje fått inn vara. Leila T. Andvik opplyste då om at ho er vara var blitt oppringt, men kunne ikkje møta.

Skriv 9) Møteutskrift frå møte i kontrollutvalet den 11.04.2011.

Løvik orienterte frå kontrollutvalet si handsaming av rekneskapen der det gjekk fram at utgiftene hadde auka med 6,9 % og inntektene med 2,6 %. Han sa det er viktig å ha fokus på god budsjettkontroll. Tala er bra no, men det kan koma år som ikkje blir så gode. Løvik kom og innpå at det er svært viktig med internkontroll og at det må dei tilsette i kommunen ha særleg fokus på det i sakshandsaminga. Det er spesielt viktig at byggeprosjekt blir fylgt opp og kontrollert skikkeleg undervegs.

Røysting:

Skriv og meldingar vart samrøystes tekne til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	042/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/353
-----------	---------------------

042/11 SAK - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/1999	I	05.05.2011	NGIR	Innkalling til årsmøte i NGIR den 30. mai
2	11/2011	I	20.12.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til årsbudsjett 2011 for Masfjorden kommune
3	11/2144	I	15.05.2011	Håkon Matre	Referat frå oppstartmøte i Vassområde Nordhordland
4	11/2321	I	26.05.2011	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 02.05.11

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-042/11 VEDTAK:

Skriv og meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om skriv og meldingar.

Han synte og til at det var kome inn spørsmål frå Senterpartiet. Skrivet frå SP og svaret frå ordfører var kopiert opp og delt ut til kommunestyret.

Spørsmål frå Senterpartiet v/Vigdis Søvik til kommunestyremøte 07.06.2011.

Er vorte kjent med gjennom henvending frå Øystein Hagesæther og Klara Villanger at det er seld tomt på det kommunale bustadfeltet Stykket på Sandnes for 5 år sidan som enno ikkje er nytta. Tomten er heller ikkje kjøpt tilbake av Masfjorden kommune slik retningslinjene for sal i kommunale bustadfelt seier skal skje. Vil be om ei orientering om denne saka, som me umiddelbart synest er uheldig, då det er ei kjent problem at det er få om ingen ledige tomter for folk som vil byggja her.

Me kjenner og til at desse retningslinjene har vore nytta overfor tomtekjøparar tidlegare som ikkje har bygd innan fristen på tre år.

Håpar og ein samtidig kan få ei orientering om avkøyrsløse og nytt bustadfelt som er under planlegging på Sandnes.

Svar frå ordfører:

Medan dei tre sørlegaste strandtomtene på Stykket bustadfelt raskt vart selde, var den fjerde til sals lenge. Fleire interessantar såg på tomten, men ingen kjøpte. Ein av grunnane til dette var etter det dei sa fasongen/storleiken på tomten, og utfordringane med husplassering.

Tomten vart seld, ved kjøpekontrakt, i 2005/2007. Tomtekjøparen forhandla med både kommunen og privat grunneigar om utviding slik at tomten skulle bli meir tenleg, og fekk dette til etter noko tid. Etter det vart det planlagt hus på den utvida tomten.

Tomten vart seld med atterhald om at kommunen kunne kjøpa tomten attende dersom det ikkje var bygd på tomten innan tre år. På bakgrunn av at andre interessantar var ute etter tomt på Sandnes, skreiv rådmannen til tomteeigar og stilte spørsmål om framdrift og planar om bygging. Rådmannen fekk til svar bygginga ville starta i sommar (2011), og grunngjeving for kvifor ein ikkje hadde kome i gang før.

Det er søkt om byggeløyve for bustadhus, og løyve er gitt i 2009.

Innspelet frå Senterpartiet vart no drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, sa at det er viktig at det ikkje blir forskjellsbehandling. Ho ba om dei andre partia sitt syn på dette.

Willy Borge, Frp, spurde om me er sikker på at me får fastbuande på denne tomten? Det er kjempeviktig at me kjem i gong med å få på plass avkjørslene for området mellom barnehagen og skulen, slik at det blir tilgjengelege tomtar.

Frode Langhelle, H, sa at dersom det er gått tre år og det ikkje er bygd på ei tomt, då må ein sjekka ut om vedkomande har tenkt å byggja, viss ikkje vil kommunen nytta for kjøpsretten.

Marit Steinestø, KrF, sa seg samd med Langhelle at det er viktig å følgja opp om det blir bygd på tomtar som kommunen har seld. I denne saka er det vanskeleg å sei at kommunen no skal gå inn å kjøpa tomten tilbake pga av det som no er blitt orientert om.

Søvik sa at ho tolkar dei andre partia slik at dei er samde om at det er viktig å følgja retningslinjene som har kommunestyret har vedteke og i dette høvet, følgja opp om det blir bygd på tomtar som kommunen har seld.

Ordførar Håkon Matre orienterte om brusaka og sa at Vegdirektoratet no er med i prosessen og kjem ein av dagane med ei skisse over korleis dette kan løysast. Planen er å få ferdig forprosjektrapporten i løpet av sommaren.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at dersom me ikkje får uventa hindringar i planarbeidet på Sandnes, vil dette bli ferdig vinteren 2011/2012.

Røysting:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	043/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/352
-----------	---------------------

043/11 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 001/11: Melding om delegert vedtak - Omstrukturering finansplasseringar

Inntil

- NOK 5 mill skal plasserast
- Aksjefond 100 %
 - Normal vekting mellom norske og internasjonale aksjer er 40/60%

Alle midlane vert plassert i SPV Aksje.

Finansiering

Omplassering av plasserte midlar innan balansekontoane 2.11xx.xxx

Heimel

Gjeldande finansreglement, sist revidert 24.3.2011 – Kommunestyresak 20/11

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-043/11 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	07.06.2011	044/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/354
--------------	---------------------

SAK 044/11 - FINANSRAPPORTERING 2010 OG 1.TERTIAL 2011, SAMT MINDRE ENDRINGAR I FINANSREGLEMENTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Finansrapporteringa 31.12.2010 og pr. 1.tertial 2011 vert teken til vitring
2. Finansreglementet vert endra på følgjande punkt;
19.6. Rammer/fullmakt
c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva
Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;
 - Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
 - Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
 - Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
 - Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
 - Aksjefond kan spreiaast på norske, nordiske og eller globale fond

Finansiering

Heimel

m.a. økonomireglementet til kommunen og spesielt kap. 19.8

KS-044/11 VEDTAK:

1. **Finansrapporteringa 31.12.2010 og pr. 1.tertial 2011 vert teken til vitring**
2. **Finansreglementet vert endra på følgjande punkt;**
 - 19.6. **Rammer/fullmakt**
 - c. **Plassering av langsiktige finansielle aktiva**

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

 - Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
 - Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskott, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
 - Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
 - Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
 - Aksjefond kan spreiaast på norske, nordiske og eller globale fond

Det skjedde i Kommunestyret den 07.06.2011:

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Kjell Løvik, H, sa at oppsettet som vi ser i sakspapira viser at det har vore bra plassering så langt, men det kan vera ein risiko. Ein ser likevel at det er rett å auka det no, og ut frå den økonomiske situasjonen vi ser for Masfjorden framover må vi ta den risikoen.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	08.07.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Ny finansforskrift frå 01.juli 2010
3	I	23.09.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Ny finansforskrift frå 01.juli 2010
5	I	25.10.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Revisjonsuttale finansreglementet
6	U	08.04.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Melding om politisk vedtak - Finansrapportering 2009 og endringar i finansreglementet
8	U	20.05.2011	Aktuelle bank og finansselskap	Melding om delegert vedtak - Omstrukturering finansieringsplasseringar

7 U 20.05.2011 Aktuelle bank og finansselskap Melding om delegert vedtak - Omstrukturering finansplasseringar

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Finansreglementet; jf. pkt. 19.8 rapportering og kontroll i økonomireglementet;

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporterer minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar rådmannen trekkjer av dette.

FAKTA

Når det gjeld oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon viser ein til note 11 (side 18) i 2010 rekneskapen. Snittrente innlån 2,5%.

All ledig likviditet er plassert som bankinnskott, knytt til NIBOR med + 0,2% og etter ny bankavtale +0,85%. Det var budsjettert med 1 mill.kr. i samla renteinntekter for 2010, og ein fekk kr. 911.836,54 i renteinntekter, nær 100.000 mindre enn budsjettert.

Under følger oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og avkastning;

Konto	Konto (T)	Tekst	IB 2010	2010 avkastning
21131002	Carnegie obligasjon	Avkastning fondsplassering Carnegie	2 500 131,00	131 336,00
21131003	Carnegie aksje norge	Avkastning fondsplassering Carnegie	2 509 965,00	611 910,00
21131004	Carnegie forvaltning	Avkastning fondsplassering Carnegie	1 075 818,00	29 520,00
21131005	DnB nor obligasjonsfond	Avkastning DNB obligasjon 20	5 469 800,00	262 216,00
21131006	FS Delta - rente	Avkastning Alpha og Delta hjå First	1 649 236,00	-134 778,00
21131007	FS Alpha - norske aksjar	Avkastning Alpha og Delta hjå First	2 629 887,00	542 082,00
			15 834 837,00	1 442 286,00

Samla avkastning i 2010 med 9,1%. Det var budsjettert med låg avkastning på 400.000,- i 2010, og ein fekk dermed inn litt over 1 mill.kr. meir enn budsjettert.

Status pr. 1. tertial 2011

Det er budsjettert med 11,5 mill.kr. i innlån i 2011. Opptak av startlån til vidare utlån med 2,5 mill.kr. Vi har fått melding om ein del rentehevingar hittil i 2011, og alt tyder på at rentenivået er på veg opp. Renta er heva til 2,85% for innlån Kommunalbanken frå og med juni 2011.

All ledig likviditet er plassert som bankinnskot

Det er ikkje gjort endringar i plassering av langsiktig finansiell aktiva, men med forventningar om auka rentenivå, er det grunnlag og nødvendig å gjere endringar framover.

VURDERING

Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar rådmannen trekkjer av dette.

Ein forventar rentehevingar framover, og erfaringsmessig er det ugunstig med plasseringar i obligasjonar når renta er på veg opp, og ein legg opp til endringar og omplasseringar av langsiktig finansiell aktiva/plasseringar.

I noverande finansreglement, vedteke seinast 24.3.2011;

19.6. Rammer/fullmakt**c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva**

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 20 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 10 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.
- Ved kursoppgang på minst 10% netto kan gevinsten takast ut og plasserast på eit "gevinstfond" i bank. Gevinstfondet skal ikkje disponerast før det utgjør minst 10% av den samla plassering i aksjefond.

Tilrår ein med bakgrunn i marknadsyn følgjande endringar;

19.6. Rammer/fullmakt**c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva**

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.

- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond kan spreiaast på norske, nordiske og eller globale fond

Ein tilrår å auke ramme for aksjefond,
samt endre frå Europa til globale fond for å sikre høve for betre avkastning.

KONKLUSJON

Status finansplasseringa vert tekne til orientering

Endringar i finansreglementet pkt. 19.6, pkt. c vert endra til;

19.6. Rammer/fullmakt

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskott, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond kan spreiaast på norske, nordiske og eller globale fond

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 07.06.2011 vert vitna:

Håkon Matre
Ordførar

Willy Borge
Kommunestyremedlem

Bjørn Egil Nordland
kommunestyremedlem